



v/Erling Kleiveland  
Osterøyvegen 3842  
5284 Tyssebotnen

Osterøy kommune  
Geitaryggen 8  
5282 Lonevåg

## **Søknad om utvida areal for skjenking av alkohol, klasse 1 og 2**

Kleiveland Gard v/underteikna har godkjent skjenkeløyve for alkohol klasse 1 og 2 for slutta lag i inneverande periode, jfr. vedtak i Heradsstyre 23.09. 2020.

I 2021/2022 har eg restaurert fjøset/1. etg av driftsbygningen med tanke på utviding av aktiviteten i foretaket Kleiveland Gard, organisasjonsnr. 915 633 935.

Heile underetasjen er bygd av handmura steimurvegger som er 0,8 m tjukke. Dette arbeidet vart gjort av min oldefar på 1890-talet etter utskiftninga i bygda Kleiveland i 1892.

Her er to utgongar. Ettersom kommunen har gitt meg midlertidig bruksendring for bygget, ønskjer eg no òg å kunne nytte arealet i underetasjen, fjøset/floren, i tillegg til 1.etasje, låven/løo, til små arrangement og intimkonsertar.

Det som er gjort av utbetringar er drenering og nytt golv og skikkeleg opplegg med straum/lys utført av firma Thunestveit AS pluss branntekniske krav. Eg viser hertil vedlegg om brannteknisk vurdering frå firma FIRESAFE i Bergen, sjå vedlegg, der konklusjonen er:  
*«Lokalet har med planlagt bruk og ønsket personantall et godt sikkerhetsnivå. Det forursettes at tiltak nevnt i rapporten blir gjennomført.»* Dei branntekniske krava som er nemd i rapporten, er gjennomført.

**Eg søker hermed Osterøy kommune skjenkeløyve av alkoholhaldig drikk klasse 1 og 2, slutta lag, for tilleggsarealet Fjøset, 65 m<sup>2</sup>, for resten av perioden 2020-2024.**

Fjøset framstår no som eit spanande og attraktivt lokale for små arrangement. Vi legg opp til enkel servering inklusiv eit glas øl/vin til dei som ønskjer det.

Kleiveland 6.02.2023

Med venleg helsing  
Erling Kleiveland  
*Brevet er elektronisk og har difor ingen underskrift*